

Dato:27.04.2011
Saksnr.:2011/950
Løpenr.:10627/2011
Arkiv:P39
Sakshandsamar:Marlin Øvregård Løvås

HØYRINGSUTTALE TIL UTKAST TIL FORSKRIFT OM BRUK AV VANNSCOOTERE.

Saksnr	Utval	Møtedato
63/11	Kommuneutviklingsutvalet	05.05.2011

SAKSUTGREIING:

Innleiing og faktaopplysningar.

Miljøverndepartementet har sendt på høyring eit utkast til ny forskrift om bruk av vannscooter (vedlagt). I følgje småbåtloven er det i utgangspunktet ikkje tillete med bruk av vannscooter, men kommunen kan ved forskrift gje dispensasjon frå dette så lenge omsyn til miljø og sikkerheit blir ivaretatt. Miljøverndepartementet ønskjer eit betre system for utveljing av områder til bruk av vannscooter.

I forskrifta er det utarbeida eit kart som angir kor det ikkje er tillete å køyre vannscooter. Desse områda utgjer eit kystnært belte, kor kommunen ikkje har heimel til å gje løyve til bruk av vannscooter. Innføring av det kystnære beltet vil forenkle arbeidet til kommunane, då det blir færre område å ta stilling til om ein skal gje løyve til bruk av vannscooter. Utanfor det kystnære beltet skal kommunane opne for bruk av vannscooter dersom det ikkje er relevante motføresetnader knyta til miljø og sikkerheit. All opning av områder for bruk av vannscooter må skje ved lokal forskrift. Vurdering skal vere etter naturmangfoldlova kap II. Kommunen kan ikkje fastsette forskrift om bruk av vannscooter som er i strid med kommuneplanens arealdel eller reguleringsplanar etter plan- og bygningslova. Kommunen kan heller ikkje gje løyve som strid i mot anna lovverk, som særskilte vannscooterforbud gitt etter havneloven eller friluftsløven. I forskrift kan det setjas vilkår til løyve.

Kommunen skal minst kvart femte år foreta ein vurdering av sine forskrifter om bruk av vannscooter. Før vurderinga skal kommunen gjennomføra eit miljøoppfølgingsprogram for å undersøka kva for verknader bruk av vannscooter har på miljøet. Dersom oppfølgingsprogrammet viser at det er negative verknader ved bruk av vannscooter skal kommunen *vurdere om forskrifta skal endras*. Viser oppfølgingsprogrammet at bruken utgjer ein fare for nemneverdig skade eller ulempe for miljø, *skal forskrifta endras*.

Dersom kommunen opnar eit område for bruk av vannscooter, skal fylkesmannen føre tilsyn med at bruken skjer innanfor forskriftas rammer.

Vurdering og konklusjon

Forslaget til forskrifta er slik rådmannen ser det eit godt tiltak for å hindre at bruk av vannscooter kjem i konflikt med miljø og sikkerheitsomsyn. Forskrifta vil føre til ei meir einsarta sakshandsaming og vil gjere det enklare for kommunen å avgjere søknader om bruk av vannscooter.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommuneutviklingsutvalet i Tysvær kommune er positive til ny forskrift om bruk av vannscooter då forskrifta vil føre til ei meir einsarta sakshandsaming og vil gjere det enklare for kommunen å avgjere søknader om bruk av vannscooter.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Bjørn Bruaset
Seksjonsleiar

BEHANDLING I KOMMUNEUTVIKLINGSUTVALET -05.05.2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK I KOMMUNEUTVIKLINGSUTVALET -05.05.2011

Kommuneutviklingsutvalet i Tysvær kommune er positive til ny forskrift om bruk av vannscooter då forskrifta vil føre til ei meir einsarta sakshandsaming og vil gjere det enklare for kommunen å avgjere søknader om bruk av vannscooter.

Vedlegg:

Høringsbrev om utkast til forskrift om bruk av vannscooter

Høringsnotat - utkast til forskrift om bruk av vannscooter